

Uttale frå Kvinnherad Turlag om SKL sin endringssøknad om Onarheim kraftverk, ref. NVE 201406675-37.

Me syner til SKL sin endringssøknad for Onarheim kraftverk, der dei ønskjer å gjere øvste del av traseen om frå borehol til nedgravne røyr. Som høyringspart vil Kvinnherad Turlag her kome med våre synspunkt i saken.

Kvinnherad Turlag opprettheld og viser til argument i føregåande uttale til NVE, der me påpeiker at det er feil å gi konsesjon til utbygging av Onarheim kraftverk, grunna konflikt med området sin verdi for natur, landskap og friluftsliv. Når løyve likevel blei gitt, blei det til ein viss grad oppfatta som eit kompromiss mellom utbygger og natur/friluftssinteresser, med tiltak som borehol på øvste strekninga. Me oppfatta dette som eit forsøk på å gjere utbygginga meir skånsam for natur, landskap og oppleving av friluftsliv, og å møte andre interesser. Søknaden som nå kjem, om å lage midlertidig anleggsveg heile vegen opp til inntaket, og å bruke nedgravne røyr eller enn borehol, er overraskande, og gjer at ein sit med ei oppleving av at natur/landskap/friluftssinteresser ikkje blir teke omsyn til i det heile. Me opplever det også som underleg at denne søknaden kjem etter at løyve er gjeve. Det alternative inntaket til kraftverket vart søkt om sommaren 2018.

Området der det tidlegare var søkt om å nytte borehol er eit skogsområde med naturleg, ikkje planta skog, og er først og fremst furuskog. Særleg i øvste del er området prega av berggrunn og meir spreidd vegetasjon enn lenger nede. Inngrep her i form av anleggsveg vil ta lang tid å revegetere. I opphavleg søknad skreiv SKL at å legge elva i røyr ville vere «negativ for rekreasjonsopplevings langs elveløpet», men påpeika at ved minstevassføring ville noko av dette bli bota på. Ved også å gjere så store inngrep i skogen langs elveløpet, heile vegen opp til inntaket, vil heile rekreasjonsopplevinga langs elveløpet forsvinne. Inngrepet blir også langt større når det gjeld landskapselement. I Kvinnherad er over 90 % av vassdraga utbygd. Dette gjev oss lang erfaring med å sjå kor lang tid det tek før utbygde områder blir revegetert. I områder med berg og furuskog blir dette spesielt sårbart. Med røyrtrase som må haldast open for vedlikehald vil den varige landskapsinngripen også bli enda større enn om «berre» elva forsvinn, med borehol. For dyreliv vil også ei nedgraven røyrgate, med anleggsveg, vere noko heilt anna enn borehol. Ein kortare anleggsperiode er ein liten trøyst mot større, varige inngrep i heile området.

Når det gjeld drikkevasskjelda vil me minne om at administrasjonen i Kvinnherad kommune gjekk imot utbygginga av Onarheim kraftverk, nettopp på grunn av fare for utslepp til drikkevasskjelda.¹ SKL forsikra då om at dette var noko dei hadde god kontroll på, og at det ikkje var fare for drikkevasskjelda med dei tiltaka dei ville sette i verk. Me opplever det difor som overraskande at nettopp dette blir brukt som argument for å ikkje bruke borehol nå, etter å ha fått positiv innstilling frå både kommune, NVE og OED. Det er også underleg at det først nå kjem nye opplysningar om at sedimenteringsbassenget blir større enn først forventa. Me vil gjerne ha svar på kor mykje større dette vil vere?

¹ <https://www.kvinnheringen.no/kraftverk/bremstolen/hellandselva/radmennen-seier-nei-til-kraftverk-ved-bremstolen/s/5-27-61688>

Me har forståing for at røytrase gir lågare utbyggingskostnadar enn borehol, og at dette difor er eit betre alternativ for utbyggar. Likevel meiner me at verdien av friluftsområdet, naturen og landskapselementet rundt Bremstølen og Hellandselva også må teljast med, om det ikkje kan teljast i kroner og ører. Me håpar NVE også gir desse elementa verdi, og at endringssøknaden får avslag.

Kvinnherad Turlag

Vedlegg: Fire bilder frå det aktuelle området for endringssøknaden.

Foto: Mari Teigen Varanes



Bilde 1: Sirkel = omtrent staden for planlagt inntak. Bildet er teke på same sida som røytrase/anleggsveg blir søkt om.



Bilde 2: Typisk skog langs Hellandselva, her like nedfor planlagt inntak.



Bilde 3 og 4: Frå Hellandselva, ca. 100 meter nedfor planlagt inntak.

